



**OBS at nokre saker kan vera
U.off. Det er avmerka øverst til
høgre på dei sakene det gjeld**

Kontrollutvalet

Bergen, 10.november 2010

Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Torsdag 18.11.2010 kl. 10.30

i Kommunestyresalen

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, kari.nygard@post.hfk.no eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, hogne.haktorson@post.hfk.no . Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Klepsvik (s)
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet
Ordførar i Austevoll kommune
KPMG
Rådmannen i Austevoll kommune

(har møte- og talerett)
(har møte- og talerett)

Sakliste:

Saknr.	Sak	Merknad
27/10	Godkjenning av innkalling og sakliste	
28/10	Godkjenning av protokoll frå møte 29.09.10	Vedlegg
29/10	Orienteringssaker	Vedlegg
30/10	Meldingar	Vedlegg
31/10	Vidare arbeid med plan for selskapskontroll	
32/10	Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon	
33/10	Gjennomgang av møteprotokollar	Alle møteprotokollane kan lastas ned og lesast på Austevoll kommune si heimeside
	Ymse	



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 29.09.10 **Kl.:** 10.30 – 12.15 **Stad:** Kommunestyresalen

Saknr.: 21/10 – 26/10

MØTELEIAR

Arne Kalve Klepsvik (H)

DESSE MØTTE

Anne-Kristine Bakke (Ap)

Kjell Nøttingnes (KrF)

Tone Solbakken (Uavh.) møtte i staden for Hans Reidar Njåstad

Jan Ove Persen (FrP) møtte i staden for Anne Marie Otterå Halstensen

FORFALL

Hans Reidar Njåstad (SP)

Anne Marie Otterå Halstensen (FrP)

DESSUTAN MØTTE

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Sakliste:

Saknr.	Sak
21/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
22/10	Godkjenning av protokoll frå møte 14.06.10 og frå møte 10.09.10
23/10	Orienteringssaker
24/10	Meldingar
25/10	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2011
26/10	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

21/10 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

22/10 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.06.10 OG MØTE 10.09.10.

HANDSAMING I MØTET

Sekretariatet vil få referat frå møte 10.09. Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 14.06.10 og den vart samrøystes godkjend.

Protokoll / referat frå ekstra kontrollutvalsmøte 10.09.10 vart delt ut i møtet. Referatet frå dette møtet er også "Innstilling frå kontrollutvalget til kommunestyret vedrørende val av revisor". Dette dokumentet er unnateke offentleggjering og vart samla innatt av utvalsleiar etter at kontrollutvalet hadde gjennomgått det. Sekretariatet fekk eit eksemplar til arkivet. Det vart vedteke at denne saka får nummerering som sak 20/10 i arkivet til kontrollutvalet. Referatet frå møte 10.09.10 vart og samrøystes godkjent.

VEDTAK

Protokoll frå møte 14.06.10 og referat frå møte 10.09.10 vart samrøystes godkjend.

23/10 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Kontrollutvalsleiar	Sak vedr. val av revisor <ul style="list-style-type: none">Saka skal handsamast i kommunestyret 28.09.10.
2	Sekretariatet	Revisjonsrapportar til Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) si heimeside
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Kontrollutvalsleiar	Sak vedr. val av revisor som vart handsama i kommunestyret 28.09.10: <ul style="list-style-type: none">Utvalsleiar orienterte kontrollutvalet om avgjerda i kommunestyremøte. Resultat vart at KPMG vart valt som revisor for Austevoll kommune for neste periode med 16 mot 4 røyster. Kontrollutvalet drøfta ein del når det gjeld saksgangen i denne saka.
2	Sekretariatet	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) ønskjer å leggja ut dømme på revisjonsrapportar på si heimeside. Kontrollutvalet godkjende at revisjonsrapportar frå Austevoll kan nyttast på denne måten.
		Ymse. Det vart teke opp spørsmål om korleis kontrollutvalet skal arbeida vidare med selskapskontroll. Innstilling frå kontrollutvalet om å sjå på korleis Austevoll kommune utøver eigarskapsforvaltning, blei avvist i kommunestyret. Kontrollutvalet ønskjer å ta dette opp til drøfting på neste møte, der ordførar vert invitert til å delta under drøftinga

VEDTAK

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) får legga ut Austevoll kommune sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).
- Kontrollutvalet ønskjer å ta arbeid med selskapskontroll opp til drøfting på neste møte, der ordførar vert invitert til å delta under drøftinga

Kontrollutvalet tar dei øvrige orienteringssakene til orientering.

24/10 MELDINGAR

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret: <ul style="list-style-type: none">• Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.10• Rekneskapsrapport mai 2010• Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010
2	Sekretariatet / økonomikontoret	Rekneskapsstoda for kontrollutvalet sitt budsjett pr. september 2010
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret blei gjennomgått og kommentert. Kontrollutvalet merkar seg at det er vedteke nytt Økonomi- og Finansreglement. Utvalet vil ha ei orientering / gjennomgang av dette på neste møte. Kontrollutvalet ønskjer og orientering om oppdatert rekneskapsrapport på neste møte.
2	Sekretariatet / økonomikontoret	Rekneskapsstoda for kontrollutvalet sitt budsjett pr. september 2010 blei gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet merka seg rekneskapsresultatet så langt i år.
		Ymse – ingen meldingar under ymse

VEDTAK:

Sekretariatet får i oppdrag å ordna med orientering i dei sakene som kontrollutvalet ønskjer. Kontrollutvalet tek dei øvrige meldingane til orientering.

25/10 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL- OG TILSYNSARBEIDET FOR 2011

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2011 i Austevoll kommune slik det ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Framlegg til budsjett for kontrollutvalet sitt område vart gjennomgått og drøfta. Framlegg til instilling som låg føre vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2011 i Austevoll kommune slik det ligg føre.

26/10 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

HANDSAMING I MØTET

Møteprotokollar vart gjennomgått og drøfta. Nokre av sakene vart kommentert, men kontrollutvalet hadde ikkje ønskje om å følgja nokre av dei opp vidare no.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

YMSE

Det var ingen saker å ta opp under ymse.

Arne Kalve Klepsvik
Leiar

Kari Nygard
Sekretær



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 18.november 2010

Sakshandsamar: Nygard, Kari

Kopi til:

Sak: 29/10

29/10 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Administrasjonen	<ul style="list-style-type: none">• Rekneskapsrapport pr. august 2010• Rekneskapsrapport pr. september 2010
2	Administrasjonen	Om løyve til bruk og omdisponering av rorbuer og fritidsbustader til fast bustad – oppfølging etter tidlegare orientering til kontrollutvalsmøtet 11.03.10
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Rekneskapsrapport for august og september 2010.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
122/10	FORMANNSKAPET	19.10.2010	Liv Bente Storebø
153/10	KOMMUNESTYRE	02.11.2010	Liv Bente Storebø

Arkivsaknr. 10/376	Arkiv: FE-200
--------------------	---------------

Rekneskapsrapportar august 2010

02.11.2010 KOMMUNESTYRE

Handsaming i møtet:

Sak 153 og 154 vart handsama under eit.

KST-153/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter august 2010 til orientering

19.10.2010 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-122/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter august 2010 til orientering

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter august 2010 til orientering

Bakgrunn for saka:

Etter kommunen sitt økonomi- og finansreglement skal det rapporterast kvar månad om utviklinga i utgifter og inntekter.

I samanlikningsgrunnlaget vert det teke utgangspunkt i eit periodisert budsjett for 2010 med dei endringane som så langt er vedtekne og registrerte. Det er valt å nytta nettobudsjett for å gje eit bilete av utviklinga på kvart ansvarsområde.. Når det gjeld forbruk i % er det teke utgangspunkt i totalbudsjett for året. Budsjettet er så langt det let seg gjere periodisert ihht når inntektene og kostnadene kjem inn i rekneskapet. På område med sjølvkost har forbruk av årsbudsjett inga meining fordi sjølvkostfonda blir ført i slutten av året.

Rådmannen viser elles til dei månadlege meldingane om skatteinngang.

Økonomiske oversikt pr. august 2010	Regnskap	Periode	Årsbudsjett	Avvik i kr	Forbruk i %	Regnskap i fjor
Driftsinntekter	31.08.2010	Budsjett				31.08.2009
Brukerbetalinger	5 663 795	5 502 579	8 253 868	161 217	69 %	5 051 129
Andre salgs- og leieinntekter	9 196 275	10 064 203	16 382 830	-867 928	56 %	9 357 999
Overføringer med krav til motytelse	18 681 022	17 024 672	25 203 580	1 656 350	74 %	14 530 000
Rammetilskudd	51 590 459	51 244 200	73 206 000	346 259	70 %	38 235 679
Andre statlige overføringer	18 493 002	16 149 337	26 217 600	2 343 665	71 %	16 975 047
Skatt på inntekt og formue	76 636 375	74 689 527	126 421 000	1 946 848	61 %	90 348 796
Eiendomsskatt	6 081 662	6 098 300	12 196 600	-16 638	50 %	8 049 140
Sum driftsinntekter	186 342 590	180 772 817	287 881 478	5 569 773	65 %	182 547 789
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	89 298 923	93 212 662	146 803 598	-3 913 739	61 %	86 189 113
Sosiale utgifter	28 247 998	30 651 998	47 856 758	-2 404 000	59 %	27 843 830
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	17 827 446	20 742 954	31 291 818	-2 915 507	57 %	19 816 084
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	11 440 871	12 367 004	17 159 881	-926 134	67 %	14 821 756
Overføringer	27 230 405	21 543 760	32 260 640	5 686 645	84 %	26 351 617
Fordelte utgifter	-44 459	30 900	46 350	-75 359	-96 %	-10 402
Sum driftsutgifter	174 001 183	178 549 278	275 419 045	-4 548 095	63 %	175 011 998
Brutto driftsresultat	12 341 407	2 223 539	12 462 433	10 117 868		7 535 792
Finansinntekter						
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	47 226	401 533	602 300	-354 308	8 %	15 716
Mottatte avdrag på utlån	6 700	26 667	40 000	-19 967	17 %	3 000
Sum eksterne finansinntekter	53 926	428 200	642 300	-374 274	8 %	18 716
Finansutgifter						
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 079 156	4 141 613	6 660 000	-1 062 458	46 %	5 569 048
Avdragsutgifter	5 495 959	4 585 240	7 480 000	910 719	73 %	4 212 299
Utlån	42 489	26 667	40 000	15 823	106 %	61 850
Sum eksterne finansutgifter	8 617 604	8 753 520	14 180 000	-135 916	61 %	9 843 198
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 563 678	-8 325 320	-13 537 700	-238 358		-9 824 482
Netto driftsresultat	3 777 729	-6 101 781	-1 075 267	9 879 510		-2 288 690
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	0		8 968 599
Bruk av disposisjonsfond	2 277 781	2 277 778	3 416 667	3		0
Bruk av bundne fond	678 352	509 067	2 658 600	169 285		299 552
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0		0
Sum bruk av avsetninger	2 956 133	2 786 845	6 075 267	169 288		9 268 150
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0		0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	666 667	5 000 000	-666 667		8 968 599
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	0		0
Avsetninger til bundne fond	34 189	0	0	34 189		0

Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	34 189	666 667	5 000 000	-632 478	8 968 599
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	6 699 673	-3 981 603		0 10 681 276	-1 989 138

Inntektene så langt er bokført med om lag 186,3 mill. kroner. Det vil seia 65% av årsbudsjettet. Til same tid i fjor var inntektene på 182,5 mill kroner . Inntektene er om lag 5,6 mill. kroner høgare enn budsjett. Alle inntektene bortsett frå leigeinntekter er høgare enn budsjettert. Delar av leigeinntektene er tidlegare fakturert på tilfeldige tidspunkt i løpet av året, frå september er alle delar av leigeinntekta sett i system, ein reknar med at desse inntektene vil balansere ved årsslutt, og at det for framtida ikkje skal vere store avvik på denne posten. Under posten overføringar med krav til motyting er det refusjon sjukepengar og svangerskapspermisjon som gjer det største utslaget på avvik mot budsjett. Ikkje budsjettførte inntekter på spelemidlar gjer avviket på andre overføringar frå staten. Lågare inntektsutjamning på skatt er ein av årsakene for at det er høgare skatteinntekter enn budsjettert. Les meir om skatteinntektene under området skattar og rammetilskot og eige sak vedrørande skatteinntekter for juli og august.

Brutto driftsutgifter er i 4,5 mill kroner lågare enn budsjett og så langt i år utgjer dette 174,0 mill kroner, til same tid i 2009 var driftsutgiftene 175,0 mill kroner.

Oversikt lønskostnader pr. måned

	Regnskap	Budsjett	Avvik i kr.	Avvik i %
Januar	16 184 831	16 596 526	-66 751	-0,41 %
Februar	14 726 245	16 343 118	-1 271 929	-7,95 %
Mars	15 021 155	16 213 201	-847 102	-5,34 %
April	15 414 186	16 679 859	-920 729	-5,64 %
Mai	14 907 561	16 515 960	-824 043	-5,10 %
Juni	2 679 114	1 900 506	199 978	8,48 %
Juli	15 735 300	17 306 419	-1 571 119	-9,08 %
August	16 317 799	17 053 010	-735 211	-4,31 %
Sum	110 986 191	118 608 599	-6 036 906	-5,09 %

Løn og sosiale utgifter syner så langt eit forbruk på om lag 77,5 % av årsbudsjett. Løn og sosiale utgifter inklusiv refusjon sjukepengar ligg til saman 6 mill kroner lågare enn periodisert budsjett etter 8 månader. Dette skyldast mindre vikarbruk, lågare pensjonskostnader og lågare arbeidsgivaravgift enn budsjettert. Lønsoppgjeret var budsjettert frå 1. mai, medan det endelig oppgjeret gjeldt frå 1. august. Det gjer at etterbetalinga på løn blei noko lågare enn budsjettert. Refusjon sjukepengar er 1,7 mill kroner høgare enn budsjettert. Mindreforbruket i august er lågare enn dei andre månadene, dette skyldast større vikarbruk i sommar enn elles i året, det same kjem til å gjelde for september. Når det gjeld pensjonskostnaden får ein ikkje fullstendig oversyn før NRSP beregninga på pensjonsforsikring kjem i slutten av året.

Andre utgifter syner eit forbruk på 60 % av budsjettet, eller 3,9 mill under eit periodisert budsjett. Mindreforbruket skyldast fleire forhold som manglande fakturering frå andre kommunar/fylkeskommunar , faktura vi normalt mottek i slutten av året og lågare kostnader på serviceavtaler, leasing, innkjøp innbu og utstyr, driftsavtaler og kurs. Mykje av dette er kostnader som allereie er generert , men som vi ikkje har motteke

faktura på, medan andre kostnader kjem i løpet av hausten. Ein reknar med at andre kostnader kjem meir i balanse ved årsslutt.

Overføringar syner eit forbruk på 84 %, rekneskapet viser eit meirforbruk på 5,7 mill kroner. Det er motteke ca. 2,3 mill kroner i spelemidlar til idrettsanlegg som er vidare utbetalt, og som ikkje var ført inn i budsjettet. I tillegg er det ført momskompensasjon på 3,7 mill kroner som heller ikkje er budsjettert under overføringar men direkte på kostnadene. Det er utbetalt 1,4 mill kroner mindre i bustadtilskot enn budsjettert, dette skyldast at me har fått 1,3 mill mindre frå staten enn det vi la inn i budsjettet.

Totalt sett er rekneskapet etter 8 månader rett i underkant av 10,7 mill kroner betre enn budsjett. Alle etatane har så langt i år brukt mindre enn budsjett. Grunnen til at finanspostar har et meirforbruk er høgare avdrag på lån enn budsjettert i perioden. Mindreforbruket skyldast i korte trekk lønsoppgjeret som blei gjeldande frå 1 august i staden for 1 mai, det lokale lønsoppgjeret som ikkje er klart på noverande tidspunkt, lågare sjukefråvær og mindre bruk av vikarar innan helse & Sosial. Det er motteke meir skjønsmidlar enn budsjettert på barnehagar, i tillegg til at vi har fått utbetalt skjønsmidlane for heile året. Vi har og motteke meir i refusjon sjukepengar og svangerskapspermisjonar enn budsjettert. Inntektsutjamningen vi betaler til staten på skatt er og lågare enn budsjettert grunna at Austevoll hittil i år har nærma seg andel skatteinntekter samanlikna med landet elles. Det manglar ein del faktura frå andre kommunar/fylkeskommunar, serviceavtaler og leasing på kostnader som er påløpt, så ein reknar med at mindreforbruket kjem til å gå ned i dei neste periodane.

Brutto budsjettet for 2010 for dei 3 sektorane er på 280,2 mill. kroner. Det er ein auke frå rekneskap 2009 på nesten 5 mill. kroner, eller 1,8 %. Nettobudsjettet for sektorane er på 205,8 mill. kroner. Det er ei auke frå rekneskap 2009 på 13,1 mill. kroner, eller 6,4 %.

	Regnskap 31.08.2010	Periodens Budsjett	Årets budsjett	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 31.08.2009
Sentraladministrasjonen	20 087 286	21 645 366	32 629 299	-1 558 079	62 %	23 743 305
Undervisning og kultur	43 633 666	47 537 630	75 819 389	-3 903 962	58 %	47 265 183
Helse & Sosial	58 143 998	62 270 515	95 985 012	-4 126 518	61 %	63 584 082
Skatter og rammetilskot	-137 135 052	-135 839 960	-216 035 500	-1 295 092	63 %	-142 617 279
Finansiering	8 570 428	8 368 053	11 601 800	202 375	74 %	9 797 681
T O T A L T	-6 699 674	3 981 604	0	-10 681 276		1 772 972

Kort samandrag på kvar sektor:

- Austevoll sine frie inntekter består av ordinær skatt, eigedomsskatt og statleg rammeoverføring fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert med kr. 211,8 mill .
- Sentraladministrasjonen ser ut til å ha et mindreforbruk på 1,6 mill kroner hittil i år. Dette er ikkje det rette bildet, da det er fleire sjølvkostfond som har driftsoverskot i perioden. Sjølvkostfond blir nullstilt i slutten av året, fonda påverkar resultatet positivt med 1,3 mill kroner i denne perioden. Under avdeling for ymse tenester skal det avsette beløpet på lønsoppgjer fordelast på alle etatane, dette utgjør pr. august 1,4 mill kroner, fordeling blir ikkje utført før lokale forhandlingar er klar. Reelt sett er det då 1,1 mill kroner i meirforbruk på etaten hittil i år. Det er meirforbruk på alle avdelingane innan sentraladministrasjonen unntatt som nemnt over, ymse tenester og rådmannskontoret. Meireforbruket skyldast i hovudsak meirforbruk på veivedlikehald, høgare straumkostnader, kostnader ved overgang til ny skatteoppkrevjar, og ein del manglande inntekter som blir fakturert i seinare periodar.

- Sektor for undervisning og kultur har et mindreforbruk på 3,9 mill kroner, i hovudsak skyldast dette at mykje av innkjøpa på skulane blir gjort til hausten, og at skjønsmidlar på barnehagar for heile året allereie er motteke. På dei områda det er meirforbruk er oftast grunnen manglande refusjon frå staten, eller manglande tildelingar frå felleskostnader.
- Sektor for Helse og sosial har et mindreforbruk på 4,1 mill kroner. Mindreforbruket er størst på PO sentrene, heimetenestene og bufellesskapet. Mindreforbruket her skyldast i stor grad mindre bruk av vikarar enn budsjettert. Det har og vore nytta ufaglært personale på pleieheimane grunna manglande faglært personale. Ein reknar med at vikarpostane aukar etter sommaren, slik at mindreforbruket blir lågare på sektoren. Det er og lagt tilbake 3,4 mill kroner i budsjettert, jfr. Kommunestyrevedtak 039/10 der 6/12 av dette påverkar denne perioden.
- Skatteinntekter og rammetilskot har meirinntekter på 1,3 mill kroner. Meirinntektene skuldast i hovudsak lågare innbetaling av inntektsutjamning enn budsjettert, medan refusjon moms på investeringar er lågare enn budsjettert. Rammetilskot og eigedomsmskatt er som budsjettert.
- Finansiering har et meirforbruk på 0,2 mill kroner. Det er lågare renteutgifter enn budsjettert, medan avdraga er høgare enn budsjettert.

1. Sentraladministrasjonen og Kyrkja

	Regnskap 31.08.2010	Periodens budsjett	Årets budsjett	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 31.08.2009
Politiske styringsorgan	1 248 410	1 022 692	1 592 766	225 717	78 %	1 201 231
Revisjon	194 575	175 000	262 500	19 575	74 %	464 752
Rådmannskontor	3 516 062	3 854 007	5 893 542	-337 945	60 %	3 400 292
Økonomikontor	2 244 574	1 972 958	3 107 187	271 617	72 %	1 859 868
Offentlig servicekontor	3 252 079	2 739 490	1 822 182	512 589	178 %	6 516 366
Kommunehuset	733 181	402 607	646 510	330 575	113 %	1 183 949
Nordstrandbygget	-243 019	-206 000	-309 000	-37 019	79 %	-223 524
Ymse tenester	6 980 490	9 523 679	16 372 212	-2 543 189	43 %	7 276 771
Kyrkja	2 160 934	2 160 933	3 241 400	1	67 %	2 063 600
Sentraladministrasjonen	20 087 286	21 645 366	32 629 299	-1 558 079	62 %	23 743 305

Økonomi:

Sentraladministrasjonen viser et mindreforbruk på kr. 1 558.000, dette er ikkje det rette bildet. Reelt sett har etaten et meirforbruk, da det ligg ein del sjølkostfond med driftsoverskot i tala, i tillegg til overføring av lønsmidlar vedrørende lønsoppgjering til andre etatar. Meirforbruket skyldast i stor grad manglande periodisering på ein del kostnader gjeldande OU midlar, høgare forsikring og straumutgifter enn budsjettert, manglande husleigeinntekter på kommunehuset og høge brøytekostnader i vinter. Det er gjort periodiseringar i budsjettert, slik at ein har prøvd så godt det lar seg gjere å få inntekter og kostnader i dei periodane dei påløper. Under er det gitt kommentarar på vesentlige avvik, uvesentlige avvik blir som regel ikkje kommentert.

Politiske Styringsorgan

Totalt sett viser Politiske styringsorgan et meirforbruk på kr. 226.000. Dette skuldast i hovudsak manglande periodisering. Ein reknar med at budsjettert vil balansere ved årsslutt.

Revisjon

Aktivitet noko høgare enn budsjettert. Dette skuldast at faktura for revisjon kjem i fyrste halvår, ein reknar med at budsjettet vil balansere ved årsslutt.

Rådmannskontoret

Rådmannskontoret har et mindreforbruk samanlikna med periodisert budsjett på kr. 338 000. Feiing, beredskap og naudmeldingssentral har lågare kostnader enn budsjettert, medan overordna planlegging har høgare inntekter enn budsjett. Ein reknar med at dette vil balansere seg ut over året. Delar av inntekter på overordna planlegging skal overførast til Offentleg Servicekontor.

Økonomikontoret

Økonomikontoret har et meirforbruk på kr. 272 000. Dette skuldast unytta ferie til langtidssjukmeld og den sjukemeldtes erstattar som ikkje fekk ta ut nok feriedagar i 2009 og som er i hht ferielova utbetalt i januar 2010, noko som vil jamne seg ut i løpet av året. Hovud årsaka til auka frå førre periode er kostnader på avtale med ny skatteoppkrevjar som er kostnadsført med 3 månader. Ved overgang til ny skatteoppkrevjar har økonomikontoret vært nødt til å investere i 2 månader med kunnskapsoverføring, dermed har kontoret i 2 månader hatt både kostnader med ny skatteoppkrevjar i tillegg til løn for den som tidlegare hadde skatteoppkrevjarfunksjonen. Sak på overskriding vil bli laga til kommunestyret om kostnaden ikkje kan dekkast innan etaten.

Offentleg servicekontor

Meirforbruk på kr. 513.000 her skyldast fleire forhold. Tar ein vekk resultatet på sjølkostfonda har offentlig servicekontor et meirforbruk på om lag 1,8 mill kroner. På administrasjonen er løn overskrede av same grunn som på økonomikontoret, etterbetaling for personar som har vært langtidssjukmelde i 2009. I tillegg er det brukt for mykje på løn dei tre fyrste månadene, dette heng saman med at planlagde reduksjonar på tenester ikkje kom i gong før etter 1. kvartal. Det skal overførast lønsmidlar frå overordna planlegging, då OSK har overteke delar av denne oppgåva. Ein reknar med at meirforbruket på lønspostane jamnar seg ut dei neste periodane. Kostnadene på kart og oppmåling er kr 900 000 høgare enn budsjettert, dette skyldast høgare kostnader med oppmåling enn budsjettert, i tillegg til at det har blitt gitt rabatt til store kundar på nokre av oppmålingstenestene. Viser til eiga sak gjeldande kart og oppmåling. Budsjettet på vedlikehald vegar er brukt opp, her er det ingen midlar att. Viser og til eige sak på vedlikehald vegar. Det er førebels ikkje utført vedlikehald på tenestebustader, samtidig som det er kome inn meir husleigeinntekter enn budsjettert, derfor er det mindreforbruk på desse. Husleigeinntekta på omsorgsbustader er noko lågare enn budsjettert, dette skyldast at planlagd husleigeauke som gjeld frå 01.07.2010, er periodisert i budsjettet over heile året. I tillegg har nokre bustader stått tomme i perioden. Når det gjeld omsorgsbustader er det og høgare straum utgifter og høgare avgift på vatn og avløp enn budsjettert, omsorgsbustader har likevel et mindreforbruk grunna at det ikkje er betalt ut driftstilskot hittil i år. Det er utfakturert noko lågare byggesaksgebyr enn budsjettert, dette heng saman med at aktiviteten er redusert grunna nye oppgåver som er overført frå overordna planlegging utan at bemanninga er styrka. Bustadtiltak viser et mindreforbruk, dette er utdelte midlar som blir dekt av staten eller blir trekt frå fond av midlar vi har motteke tidlegare år, slik at tiltaket vil balansere ved årsslutt. Inntektene på slam og renovasjon er noko høgare enn budsjettert. Både slam og renovasjon viser overskot, dette er ikkje reelle overskot, da desse blir ført på sjølkostfond ved årsslutt.

Kommunehuset

Meirforbruket på Kommunehuset skyldast i hovudsak manglande husleigeinntekter og høgare straumutgifter enn budsjettert. Straumutgiftene kan ein ikkje endra på, då det ikkje er sett i verk straumsparende tiltak. Noko av inntektene på husleiga rettar seg i seinare periodar når denne blir fakturert, men inntektene blir lågare enn budsjettert, då skatteetaten frå september skal leige mindre areal enn tidlegare.

Ymse tenester

Ansvarsområdet har et mindreforbruk på kr. 2 543.000. Ein av årsakene til mindreforbruket er sentralt avsett lønsjustering for 2010 og som ikkje vil bli fordelt til dei andre etatane før det er blitt einigheit om lokale lønsforhandlingar. Lønsjusteringa er budsjettert frå 1. mai, medan det endelige oppgjeret gjeld frå 1 august, til saman utgjer dette eit mindreforbruk på 1,4 mill kroner. Forsikring utstyr har et meirforbruk på kr. 85.000, dette avviket vil ikkje retta seg opp, mulig omdisponering av midlar eller det må lagast sak om tilleggsføring. AFP og IT har et mindreforbruk hhv kr. 249.000 og kr. 724.000, noko av dette skyldast manglande fakturering frå leverandørar. Kostnadene til lærlingar er kr. 236.000 lågare enn budsjettert, dette skyldast at det er færre lærlingar 1. halvår enn 2. halvår, medan budsjettet er fordelt likt på begge halvår. Ein reknar med at dette jamnar seg ut når nye lærlingar begynner til hausten. Andre fellesutgifter har i perioden et mindreforbruk på kr. 26.000 som skuldast lågare, kontingenter og leasingkostnader enn budsjettert, medan porto, kontormateriell og velferdstiltak er høgare enn budsjettert. Ein reknar med at rekneskapet vil balansere med budsjett ved årsslutt.

2. Undervisning og kultur

	Regnskap	Periodens	Årets	Avvik(per.)	%-	Regnskap
	31.08.2010	budsjett	budsjett	0 forbruk		31.08.2009
Skulekontor	626 900	674 864	1 433 963	-47 964	44 %	1 155 279
Skulepsykologisk kontor	868 774	1 105 932	1 697 058	-237 158	51 %	913 809
Selbjørn skule	7 214 656	7 213 890	11 259 637	766	64 %	6 945 593
Møksterskule	948 899	918 615	1 428 759	30 283	66 %	843 408
Trolandshamar skule	4 111 066	4 017 512	6 261 728	93 554	66 %	4 023 543
Storebø skule	8 969 979	8 816 041	13 777 156	153 938	65 %	8 552 804
Austevoll ungdomsskule	11 084 854	11 275 509	17 620 119	-190 654	63 %	11 584 033
Vinnes skule	2 662	-4 947	-7 421	7 609	-36 %	1 621 184
Kolbeinsvik skule	3 030 059	2 961 117	4 622 531	68 942	66 %	2 724 612
Grunnskulen felleskostnader	3 314 032	5 014 270	7 681 109	-1 700 237	43 %	3 219 351
Vaksenopplæring	-98 857	732 062	1 156 470	-830 919	-9 %	703 657
Småtun barnehage	47 170	-1 828	1 015 498	48 998	5 %	1 664 096
Barnehage Fellesutgifter	0	-6 667	-10 000	6 667	0 %	11 720
Private barnehager	1 251 338	2 421 797	4 139 100	-1 170 459	30 %	291 477
Spesialpedagogiske tiltak	-293 797	99 630	188 929	-393 427	-156 %	344 116
Kulturskule	747 738	742 719	1 183 854	5 019	63 %	806 470
Kulturkontor	1 244 592	930 017	1 397 681	314 576	89 %	1 310 188
Bibliotek	563 601	627 097	973 218	-63 496	58 %	549 843
Undervisning og kultur	43 633 666	47 537 630	75 819 389	-3 903 962	58 %	47 265 183

Skulekontoret

Forbruk som planlagt, ingen kommentarar ut over dette.

Skulepsykologisk kontor

Aktivitet og forbruk som planlagt. Mindreforbruk grunna lavare utgifter til kjøp av eksterne tenester i sommar, og at faktura for bruk av psykolog i august er ikkje komen inn. Det er lågare pensjonskostnader enn budsjettert, dette skyldast at dei medlemmane er budsjettert med Vital i staden for SPK, der sistnemnte gjer ein lågare premie enn den første. Ein del utgifter på kontoret er periodiske og vil såleis koma i slutten av året.

Selbjørn skule

Skulen er i balanse med budsjett.

Undervisning har et mindreforbruk på kr. 391.000. Dette skyldast meir refusjon sjukepengar enn budsjettert og nøktern bruk av vikar. Det er meirforbruk på undervisningsmateriell denne posten har for lågt budsjett.

Skulefritidsordninga har et meirforbruk på kr. 250.000. Dette skyldast at lønsmidlar for hausten 2010 (5/12) er ikkje ført inn i budsjettet.

Drift og vedlikehald har et meirforbruk på kr. 148.000. Vedlikehald, straum og løn reinhaldarar har for høgt forbruk. Straumutgifter er vanskeleg å berekna. Vedlikehald er gått med til pålagde utbetringar til branntryggleik (ca. kr. 55.000,-), tilrettelegging for funksjonshemma og skifting av 13 knuste glasruter, der ikkje alle kostnader er ført enno. Det vert omtrent ikkje brukt pengar til ordinært vedlikehald. Kommunen sparer pengar ved at skulen er utan vaktmeister (lønsmidlar ikkje ført på skulen sitt budsjett) – skulen risikerer auka utgifter seinare fordi vedlikehald no ikkje vert utført.

Møkster skule

Skulen har et meirforbruk totalt på kr. 30.000, dette er i hovudsak grunna høgare vikarbruk enn budsjettert. Midlar frå grunnskulen sine felleskostnader er no overført til Møkster skule sitt budsjett og ein må sjå nærare på om det er overført for lite midlar til budsjett.

Trolandshamar skule

Overforbruk på 94 000,- på eininga.

Undervisning har aktivitet og forbruk som planlagt. Mindreforbruk på kr 22 000,- Dette skyldes i hovudsak mindreforbruk på løn og manglande kostnader på leige kontorutstyr. Det er meirforbruk på undervisningsmateriell.

Drift og vedlikehald har eit meirforbruk på kr 87.000,-. Det er meirforbruk på strøm, reinhaldsmidlar og på vedlikehald bygningar. For å kome i balanse med budsjettet må det overførast midlar på reinhaldsmidlar, vedlikehald bygningar og undervisningsmateriell frå Grunnskulen sine felleskostnader.

Storebø skule

Totalt har skulen et meirforbruk på kr. 154 000.

Undervisning har eit mindreforbruk på 70.000. Det er gjort ein del innkjøp av lærebøker til nytt skuleår. Vert mindre forbruk på denne posten resten av året. Pensjonskostnad er høgare enn budsjettert, endelig bilde på denne kostnaden får ein ikkje før ved årsslutt. Det er høgare forbruk av vikarar enn budsjettert, men det jamnar seg ut med at refusjon sjukepengar også er høgare enn budsjettert. Det er kome inntekt på refusjon frå andre kommunar som ikkje var teke inn i budsjettet.

SFO har drift som normalt og ligg innafor budsjett.

Drift og vedlikehald har eit meirforbruk på 218.000,-. For å få gjort unna alt reinhald med ein reinhaldar som var sjukmeldt, har me måtte ty til ein del overtid som det ikkje er budsjettert for. Det har vore mykje ekstra reinhald i samband med rehabilitering. Dette

har me fått pålagt å ta innafør vårt budsjett, noko me ikkje har midlar til. Budsjett som er sett av til reinhaldsmidlar og straum er og for liten, dette er det og gjeve melding om tidlegare. Ein har måtte kjøpe inn ekstra bonevoks etc for å fikse gulva etter rehabilitering. Vanskeleg å peike på konkrete tiltak som kan gjerast. Når det gjeld straum er eg redd for at tala kan bli store, i og med at ein og har fjerna isolasjon i fleire rom ved skulen.

Austevoll ungdomsskule

Skulen har tilsynelatande et mindreforbruk på kr. 191 000. Det er ikkje reelt, då det ligg sjølkostfond med overskot på til saman kr 238 000 i tala. Skulen går reelt med eit meirforbruk på kr. 47 000.

Undervisning har et mindreforbruk på kr. 191 000. Lønnskostnadene på undervisning er kr. 80 000 lågare enn budsjett, sjølv om det har vore meirforbruk på vikarar er fastløna lågare enn budsjettert. Det manglar refusjon frå andre kommunar på kr 110 000.-.

Drift og vedlikehald har eit meirforbruk på kr. 216 000. Under rehabiliteringa blei ein av reinhaldarane skada, personen har sidan bore sjukemeldt, noko som har ført til store ekstra utgifter på sjukevikar. På grunn av skaden og mykje meirarbeid for reinhaldarane grunna rehabiliteringa har vi store utgifter i forbindelse med overtid.

Det har vore ein kald vinter med stort straumforbruk. Varmevekslaren i symjebassenget var ut av drift i 3 månadar utan at leverandør klarte å få montert ny. For å klare å halde god temperatur i bassenget har vi måtte ha eit konstant forbruk på 48 KW. Oppvarmingen av symjebassenget blir gjort via gjenvinning av varme frå Austevollhallen, det vil gje gevinst på straumkostnaden på sikt. Ny varmevekslar og moppevaskemaskin blei øydelagt og måtte erstattast, noko det ikkje er budsjettert for.

Kolbeinsvik skule

Skulen har totalt et meirforbruk på kr. 69 000 Totalavvik i rekneskapen er redusert vidare frå 4% til 2% og er snart i balanse.

Undervisning har et meirforbruk på kr. 92 000, dette skuldast i stor grad at refusjonane for sjukevikar og svangerskap ikkje er komne inn i rekneskapet som dei vert budsjetterte. I tillegg er det meirforbruk på posten for undervisningsmateriell. Lønssituasjonen ser ut til å normalisera seg. I mellomtida har skulen halde att på bruk av vikarar der det har vore mogleg. Budsjettet for denne undervisningsmateriell er for liten til å dekke heilt naudsynt innkjøp. Det er ikkje kjøpt meir enn det som er absolutt naudsynt til å drifta heilt vanleg og naudsynte innkjøp av skulebøker. Eingongs-skulebøkene på småskulestega utgjer åleine meir enn det som budsjetterte til kjøp av materiell til heile skulen for heile året. Denne posten er klårt underbudsjettert. Meirforbruket på undervisningsmateriell vert kompensert med måtehald på andre postar. Dette går særskild ut over Innbu og utstyr. Også andre postar er med på å dekke underbudsjetteringa av undervisningsmateriell.

Drift og vedlikehald har et mindreforbruk på kr. 23 000 Grunnen til mindreforbruket er lågare lønnskostnader og straum enn budsjettert. Grunna trongt budsjett har ikkje skulen utbetra hærverk på 8 store vindauger – bort imot alle vindauga langs heile husvegg mot leikeplassen. Vindauga kan ikkje skiftast ut innanfor budsjettet til Kolbeinsvik skule, slik at skulen må få tilført midlar frå Grunnskulen sine felleskostnader for at elevane skal sleppe å gå på ein skule med knuste vindauger.

Grunnskulen sine felleskostnader

Det er eit mindreforbruk på 1 700 000 kronerr. Det vil bli eit større forbruk i haust grunna kurs og samlingar som skal gjennomførast i september og oktober. Det skal delast ut ressursar til einskilde skular på grunn av einskildvedtak. Det skal og delast ut midlar til enkeltskular på uforutsette utgifter.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa har et mindreforbruk på til saman kr. 831.000 Dette grunna at statstilskota for heile året er motteke. Det ser ut som det kan bli meir aktivitet vedrørende framandspråkleg opplæring, i så fall blir det høgere inntekter og dertil høgere kostnader. Kravet er at budsjettet likevel skal balansere.

Småtun barnehage

Drift som forventa . Barnehagen har eit meirforbruk på kr. 49 000. Det er brukt for mykje på pensjon, men det er noko barnehagen ikkje har kontroll med. Me har og brukt for mykje på sjukevikarar, men reknar med at all refusjon sjukepengar ikkje er ført. Reknar med at budsjettet vil balansere ved årsslutt.

Barnehage fellesutgifter

Drift som forventa

Private barnehagar

Utrekning av kommunalt tilskot til private barnehagar er sendt til Telemarksforskning.

Spesialpedagogiske tiltak

Eininga har eit mindreforbruk på kr. 393 000, dette skuldast statstilskot motteke for heile året i perioden.

Kulturskule

Ikkje avvik. Nettoforbruk i tråd med periodisert budsjett, sjølv om vi pr. i dag ligg 100 000 kr under på kontingent. Utover hausten vil kontingenten kome inn slik at denne posten går i balanse. Samstundes er aktiviteten auka i høve til første halvår, og tilnærma balanse er forventa og ved årsslutt.

Kulturkontoret

Eininga her et meirforbruk på kr. 315 000. Grunnen til meirforbruket kjem i hovudsak frå Liv & Lyst prosjektet. Her er det søkt om og innvilga statsmidlar som enno ikkje er motteke. I tillegg er kostnadene på prosjektet godt over budsjett. Elles er aktivitet som planlagt.

Bibliotek

Aktivitet som planlagt. Eininga har et mindreforbruk på kr. 63 000.

3. Helse og Sosial

	Regnskap 31.08.2010	Periodens budsjett	Årets budsjett	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 31.08.2009
Helse og sosialadministrasjon	953 496	964 781	1 504 200	-11 286	63 %	963 311
Helseavdelinga	4 071 916	3 885 652	6 029 699	186 263	68 %	3 944 550
Legetenesta	4 440 771	4 942 053	7 365 343	-501 281	60 %	5 079 768
Sosialkontortenester	3 128 652	2 909 635	4 496 660	219 017	70 %	3 161 906
Edruskapsvern	0	6 667	10 000	-6 667	0 %	-200
Barnevern	2 538 294	2 186 233	3 371 793	352 061	75 %	2 125 262
Heimetenester, område nord	6 423 766	7 137 150	11 159 989	-713 384	58 %	6 038 333
Heimetenester, område sør	5 338 788	6 217 293	9 720 284	-878 505	55 %	5 690 073
Nattevakt i heimesjukepleien	931 240	1 210 509	1 897 733	-279 269	49 %	1 347 927
Eidsbøen bufellesskap	5 993 178	6 325 245	9 919 716	-332 067	60 %	6 532 490
Prosjekt "lindrande behandling"	117 624	76 397	125 208	41 227	94 %	215 127
Selbjørn pleie og omsorgssenter	3 711 867	4 939 294	7 680 623	-1 227 427	48 %	4 833 422
Omsorgsrom selbjørn	4 029 889	4 267 157	6 703 502	-237 269	60 %	5 524 514
Storebø pleie og omsorgssenter	15 044 082	15 279 782	23 991 762	-235 699	63 %	16 163 189
Austevoll arbeidssamvirke A/S	1 420 435	1 922 667	2 008 500	-502 232	71 %	1 964 410
Helse & Sosial	58 143 998	62 270 515	95 985 012	-4 126 518	61 %	63 584 082

Helse & Sosialadministrasjonen

Budsjett i balanse, mindreforbruk på kr. 48.000,- ut over dette ingen kommentarar.

Helseavdelinga

Jordmortenesta skal sjåast i saman med helsesøstertenesta

Helsesøstertenesta Det er enno avvik på fastlønskontoar. Dette har samanheng med at jordmor har belasta helsesøsterkonto ein periode. Det må og sjåast i samanheng med konto for refusjon sjukepengar. Stillingskuttet på 100% helsesøsterstilling er rekneskapsført t.o.m mai, men budsjettert over heile året. Avviket vil, slik eg ser det rette seg opp ut over hausten.

Fysioterapitenesta har et meirforbruk på kr. 257 000 i perioden. Fysioterapitenesta har utfordringar grunna svangerskapspermisjonar, og manglar per dags dato ein fysioterapeut i tenesta. Dette gjer at det er kjøpt inn tenester frå private, som har høgare kostnader enn budsjettert. Det må bli gitt eit lågare tenestetilbod innan fysioterapi i kommunen i periodane som kjem framover for å halde budsjett. Dersom dette ikkje er fagleg forsvarleg, blir det fortløpande vurdert om midlar skal omfordelast innan sektoren.

Psykiatrisk sjukepleieteneste syner eit mindreforbruk på kr 26.000. Mindreforbruk på omtrent alle postar bortsett frå Senioravtala og pensjon.

Legetenesta

Totalbudsjett er på kr 501.000 i mindreforbruk.

Legevakt, mindreforbruk på pålydande kr 222 000. Det er ikkje kome faktura på 3 kvartals båtskyss, slik at det manglar 2 månader kostnader for dette. Det er heller ikkje kome faktura for vikarlege i sommar..

Lege Bekkjarvik, eit samla mindreforbruk i perioden, kr 26 000. Avviket skyldast høgare refusjonar på sjukepengar enn budsjettert.

Legekantor Storebø og Hundvåkøy. Mindre forbruk pålydande kr 253.000.

Mindreforbruket skyldast at refusjon sjukepengar og refusjon svangerskapspermisjon er høgare enn budsjett.

Sosialkontortjenester

Totalt sett har ansvarsområdet et mindreforbruk på kr. 219.000

Tiltak rusmisbruk: Ingen aktivitet

Støttekontakt: Ligg i balanse i forhold til budsjett. Ingen kommentarar.

Avlastning har et mindreforbruk i perioden på kr. 250.000. Mindreforbruk skuldast at det er gjeve avslag til søkjarar om avlastning fram til sommaren 2010, for å kunne forsvare kjøp av tenester frå Stangeland gard til avlastning etter oppstart og avtale frå juli 2010.

Sosialrådgjeving og rettleiing har drift som planlagt, og rekneskapet går i balanse med budsjett.

Brukarstyrt personleg assistanse/pleie og omsorg i heimen har eit meirforbruk hittil i år på kr. 341 000. Dette kan forklarast med at det med den ordninga vi har i dag er forskotsbetaling kvartalsvis. Det vert gjort avrekning ved utgangen av året som tilbakeførast til kommunen. Det er og manglande innbetaling av statlege stimuleringsmidlar pålydande kr 350 000,-. Ein forvenata at rekneskapet er i balanse ved utgangen av året.

Kvalifiseringsordninga: Rekneskapet viser et mindreforbruk på kr 84.000. Det er nå klart at Austevoll kommune vil få kr 476.000 i tilskot frå staten. Første utbetaling er motteken den var på kr 253.000. Elles drift som planlagt. Tar vi omsyn til periodisering av inntektene, viser rekneskapet balanse i høve til budsjett.

Økonomisk sosialhjelp har eit meirforbruk på kr 136.000. Meirforbruket skuldast for det meste større utbetaling av sosialhjelp og sosiallån enn budsjettet. Det er ingen grunn til å tru at utgiftene blir mindre i månadene som kjem. I så fall ligg funksjonen an til eit meirforbruk rundt kr. 200.000 ved årsslutt. Totalt for NAV kan det likevel sjå ut som underskotet kan dekkjast ved overføringar innanfor eige budsjett. Situasjonen blir fortløpande vurdert, det må lagast sak til kommunestyret om eventuell tilleggslyving.

Barnevern

Har eit meirforbruk totalt på kr 352.000. Meirforbruket på drift av barneverntenesta er på kr 447.000 pga kjøp av konsulenttenester hovudsakleg til saksbehandling for å få minska fristoverskridingar i undersøkingar og bekymringsmeldingar. Det er utlyst ny stilling innan barnevernet som skal erstatta eksterne konsulentar. Mindreforbruk på barnevernstiltak i heimen, er på kr 131.000 årsaka er at ein har fått evaluert og difor avslutta ueigna tiltak, mange av sakene er nye og vert undersøkt med tanke på mulige tiltak. Det er og generelt liten kapasitet til å arbeida med barna i heimen. Ein grunn til dette er omfattande omsorgssaker. Barnevernstiltak utanfor familien går omtrent i balanse. Tiltak på barnevern for å få budsjettet i balanse blir å flytta midlar frå barnevernstiltak i og utanfor heimen til drift av barneverntenesta, i tillegg til å setja undersøkingar på vent og ikkje oppretta nye tiltak. Situasjonen blir fortløpande vurdert, og er det ikkje nok midlar å flytte internt på ansvaret blir det laga sak til kommunestyret om eventuell tilleggslyving.

Pleie og omsorg

Heimetenester nord

Området har totalt et mindreforbruk på kr 713 000. Dette skuldast kr 400 000 i mindre forbruk på fast løn. På sjukevikar er det et mindreforbruk på kr 300 000. Pensjonsinnskot og arbeidsgjevaravgift: Samla eit mindreforbruk på kr 255 000. Refusjon ved svangerskapspermisjon er det kome inn kr. 125 000 kr meir enn budsjettet. Samtidig er det meirforbruk på Avtalefesta tillegg kr. 75 000, Vikarar ved andre permisjonar: kr 185 000, skuldast ledige stillingar, samt 2 tillitsvalde som har hyppige permisjonar. Refusjon ved sjukepengar; kr 275 000 mindre i inntekter enn budsjettet, som må sjåast i samanheng med lågare sjukefråvær. Det blir fortløpande vurdert om midlar skal

omfordelast innan sektoren.

Heimetenester sør

Heimebaserte tenester mindreforbruk på kr. 876.000,- . Dette skuldast i hovudsak at avdelinga har vore underbemanna på grunn av tilsetjingsstoppen i tilknytning til samanslåinga av sjukeheimane. Det har og vore vanskeleg å få tak i fagpersonale, og ein har nytta ufaglærte personale. Dette gjer at kostnadene vert redusert. Dette vil jamne seg ut når det no er tilsett folk i faste stillingar. Det blir fortløpande vurdert om midlar skal omfordelast innan sektoren.

Nattevakt heimetenesta

Her er det eit mindreforbruk på kr.279.000. Årsaka til dette er og bruk av ufaglærte i stillingar som er budsjetterte med sjukepleiarar.

Eidsbøen Bufellesskap

Kommentarar frå einingsleiar

Eidsbøen Bufellesskap har eit mindreforbruk på kr. 332.000. Mindreforbruk skuldast at vi frå nyttår og fram til 12.04 ikkje har tatt inn vikar når personal 4 på kveld har hatt fråvær. Frå 12.04 vart bemanninga redusert med 1 årsverk så vi vil ikkje kunne gjere desse innsparingane vidare. Budsjettet for 2010 vil gå i balanse, sparte midlar vil bli brukt i forbindelse med ferieavvikling og sjukevikar. Desse postane vil gje auka kostnader i periodane framover.

Selbjørn pleie- og omsorgsenter

Totalt for alle avdelingar ved Selbjørn pleie- og omsorgsenter viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr. 1.465.000. Alle avdelingane har eit mindreforbruk, bortsett for drift og vedlikehald. Pleie og omsorgssenteret har et mindreforbruk på kr. 1 227.000 medan omsorgsromma har et mindreforbruk på 237 000. Hovudårsaka til mindreforbruket er at det er lagt tilbake 3,4 mill kroner i budsjettet, jfr. Kommunestyrevedtak 039/10 der 5/12 (1,4 mill kroner)påverkar denne perioden. Det er og gitt ekstra midlar i KST Sak 067/10 den 27/4-10 på kr. 650 000 til kjøp av vikarar i sommar. Midlane som blei tildelt i Sak 067/10 er ikkje brukt, og ein vurderer å lage sak til KST for å føre dei tilbake til posten for uforutsatte utgifter. Det har vore vanskeleg å få tak i fagpersonale, og ein har nytta ufaglærte personale. Dette gjer at kostnadene vert redusert, det er og brukt lite midlar på vikarar, noko som endrar seg litt i feriemånadene. Det er eit meirforbruk på kr. 135.000 på drift og vedlikehald av bygningar, årsaka til dette er høgare straumutgifter enn budsjettert. Ein reknar med at mindreforbruket vil jamna seg ut etter kvart som det nærmar seg årsslutt. Det blir fortløpande vurdert om midlar skal omfordelast innan sektoren

Storebø pleie og omsorgsenter:

Totalt har Storebø PO senter eit mindreforbruk på kr 236 000. Ved førre rapportering var det eit mindreforbruk på om lag 739 000.

Pleie og omsorg har et mindreforbruk på kr. 464 000

Årsakene til mindreforbruket er fleire:

- 140 000 i mindreforbruk på ferievikarar. Her vil det gå ut løn også i oktober til ferievikarar.
- Knappe 300 000 i mindreforbruk på sjukevikarar. Har eit lågare sjukefråvere enn i fjor.
- Avtalefesta tillegg , mindreforbruk på kr 125 000.
- Ekstrahjelp, mindreforbruk på kr 175 000. Det er forventa å stiga monaleg på neste økonomi rapportering grunna det er no behov for å setja inn 10 – 12 ekstra vakter for veka grunna urolige pasientar. Dette ser ut for vil halde fram på lang 13

- Kr 100 000 i mindreforbruk på overtid. Me prøver å nytta overtid i minst mogeleg grad. Men som fylgje av at ein må setje inn ekstra ressursar utanom ordinær bemanning, er faren at overtid vil auka på neste rapportering.
- Pensjonsinnskott og arbeidsgjevaravgift, kr 400 000 i mindreforbruk, her får ein ikkje det totale biletet før ved årsslutt
- Medisinar, 90 000 i mindreforbruk.
- Kr 200 000 meir i refusjon sjukepengar enn forventa. Har hatt baby boom ved SPO. Dei fleste er no tilbake i arbeid.

Har eit meirforbruk på desse postane:

- Kr 130 00 på fast løn. Ein årsak kan vere at gruppeleiar vart overført til Selbjørn pleie og omsorgsenter. Me har betalt løn for henne fram til no. Kan og vere ei forklaring at vikarar som går for fast tilsette, får løn frå denne posten. Dette må takast omsyn til i neste års budsjett.
- Avtalefesta tillegg , meirforbruk på kr 250 000.
- Kjøp av ferievikarar, har til no eit meirforbruk på kr 90 000. Dette forventast å auka monaleg. Det skuldast at av 14 årsverk sjukepleiarar på bemanningsplanen i sone nord, har ein berre 7 årsverk av desse årsverka bemanna. Det er difor behov for å oppretthalde forsvarleg drift å leiga inn private sjukepleiarar utanom ferienesongen.
- Kr 400 000 i mindre inntekter enn forventa på brukarbetaling på tenester.
- Refusjon sjukepengar. Har fått inn kr 160 000 mindre enn forventa. Skuldast eit lågare sjukefråvere enn budsjettert.

Det har på pleie og omsorg vore ei auke i aktivitetsnivå. Det betyr at det er fleire svært urolige pasientar, som krev høgare bemanning utover det ordinære. Dette ser ut til å halde fram på lenger sikt.

Drift og vedlikehald har brukt kr 117 000 meir enn budsjettert. Dette skuldast meirforbruk på straum, brensel, alarmsystem og årsgebyravgift .

Kjøkkendrift Viser eit meirforbruk på kr 87 000. Dette skuldast lågare refusjon sjukepengar og høgare innkjøp av matvarer enn budsjettert.

Prosjekt Lindrande behandling

Prosjektet har et meirforbruk på kr 41 300. Det er midlar på fond som skal dekkje meirforbruket, desse blir ført ved årsslutt. Det er og søkt om utbetaling av midlar som vi ikkje har motteke.

Austevoll Arbeidssamvirke AS

Eit av driftstilskota visar eit mindreforbruk på kr. 502.000, forklaringa ligg i manglande føring av at driftstilskott for 2 månader.

4. Skatter og rammetilskott

	Regnskap 31.08.2010	Periodens budsjett	Årets budsjett	Avvik(per.) %-	Regnskap 31.08.2009
Skatter og rammetilskott	-137 135 052	-135 839 960	-216 035 500	-1 295 092 63 %	-142 617 279

Det er budsjettert med frie inntekter som består av ordinær skatt, eigedomsskatt og statleg rammeoverføring fråtrekt inntektsutjamning.

Totalt har skattar og rammetilskott kr. 1 295.000 i meirinntekt enn budsjettert.

Skatt. Skatteinngangen pr august ligg kr. 4 293 000 lågare enn budsjett. Det er kome inn kr. 89.931 000 i skatt, dette er ein nedgang på 0,46% frå august 2009. Inntektsutjamninga er på kr. 13.295.000 kroner som utgjer kr. 6.240.000 mindre enn budsjettet. Til saman utgjer dette kr. 1 947 000 høgare skatteinntekter enn budsjettet. Skatteinntektene i august var på kr. 1 128 000 og dermed kr. 2 607 000 lågare enn august 2009. Tala viser estimert inntektsutjamning for august, den endelige inntektsutjamninga for august er ført i september, da tala ikkje var kome frå KS ved regnskapsavslutning for august. Ein viser elles til eige sak angående skatteinngangen for juli og august.

Eigedomsskatten for fyrste halvår 2010 blei fakturert i mars, inntektene her er periodisert i budsjettet som dei blir fakturert. Eigedomsskatten er i balanse mot budsjett og er på kr. 6.100.000. Neste fakturering av eigedomsskatt blir i september.

Rammeoverføringane pr. august har vi motteke kr. 51.590 000 i rammetilskot, dette er 346.000 meir enn budsjett.

Mva-kompensasjon. Budsjettet mva-kompensasjon på investeringar er i 2010 kr. 4 312 000. Til no i år er det inntektsført i rekneskapen på skattar og rammetilskot kr.2.682.000 dette er kr. 192.000 lågare enn periodens budsjett. Inntektsført momskompensasjon på drift utgjer pr. august kr.3.674.000 mot periodens budsjett som er kr. 4.694.000, dvs. kr. 1 019 000 lågare enn budsjett. 20% av momskompensasjonen frå investeringar skal i 2010 førast frå drift til investering, denne flyttinga skjer i slutten av året.

5. Finansiering

	Regnskap 31.08.2010	Periodens budsjett	Årets budsjett	Avvik(per.)	%-	Regnskap 31.08.2009
				0 forbruk		
Finansiering	8 570 428	8 368 053	11 601 800	202 375	74 %	9 797 681

Det er eit meirforbruk på finansiering på kr. 202 000. I hovudsak skuldast dette høgare avdrag enn budsjettet. Avviket på avdrag mot budsjett er periodiseringsavvik og vil gå i balanse ved årsslutt. Rentene er kr. 708 000 lågare enn budsjettet, noko som skyldast det låge rentenivået hittil i 2010. Rentene er 2,5 mill kroner lågare enn same periode i 2009. Avdraga er 1,3 mill høgare enn på same tid i fjor.

Vurdering:

Rekneskapet er 10,6 mill kroner betre enn budsjett i perioden. Ein veit at det kjem ekstra kostnader på ferievikarar på Helse og Sosialetaten i den næraste framtid, av erfaring har og skulane dei største innkjøpa på haustparten, slik at ein ikkje kan forventast å liggje på same nivå som til no resten av året. Det manglar og ein del kostnader for juli og august som det kjem kvartalsvise faktura på i september. Det er ikkje motteke faktura på leige kopimaskiner for heile året, dette er leverandøren blitt gjort oppmerksom på. Det verkar som det er god budsjett disiplin blant den enkelte leiar, dei tek ansvar og på den måten ser det ut for at budsjettet skal halde. Skatteinngangen resten av året kan bli spanande, pr. august ligg vi 2,68 % lågare enn budsjett, dette kan slå negativt ut på tala utan at me kan påverka utviklinga.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
154/10	KOMMUNESTYRE	02.11.2010	Liv Bente Storebø

Arkivsaknr. 10/376	Arkiv: FE-200
--------------------	---------------

Rekneskapsrapportar september 2010

02.11.2010 KOMMUNESTYRE

Handsaming i møtet:

KST-154/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter september 2010 til orientering.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter september 2010 til orientering.

Bakgrunn for saka:

Etter kommunen sitt økonomi- og finansreglement skal det rapporterast kvar månad om utviklinga i utgifter og inntekter. Grunna stort tidsforbruk på budsjettarbeid for rekneskapsåret 2011, er ikkje rekneskapsrapporten kommentert for denne perioden. Som ein kan sjå er det ikkje store endringar frå augustrapporten når det gjeld avvik. Inntektene er noko høgare av to grunnar Eigedomsskatten er fakturert i perioden, og september er normalt ein god skattemånad.

I samanlikningsgrunnlaget vert det teke utgangspunkt i eit periodisert budsjett for 2010 med dei endringane som så langt er vedtekne og registrerte. Det er valt å nytta nettobudsjett for å gje eit bilete av utviklinga på kvart ansvarsområde.. Når det gjeld forbruk i % er det teke utgangspunkt i totalbudsjett for året. Budsjettet er så langt det let seg gjere periodisert ihht når inntektene og kostnadene kjem inn i rekneskapet. På område med sjølvkost har forbruk av årsbudsjett inga meining fordi sjølvkostfonda blir ført i slutten av året.

Rådmannen viser elles til dei månadlege meldingane om skatteinngang.

	Regnskap pr. 30.09.2010	Periode budsjett 30.09.2010	Årsbudsjett	Avvik i kr.	Forbruk i %	Regnskap 30.09.2009
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	7 334 642	6 190 401	8 253 868	1 144 241	88,9 %	6 147 349
Andre salgs- og leieinntekter	10 468 703	11 000 597	16 382 830	-531 895	63,9 %	10 769 885
Overføringer med krav til motytelse	21 611 651	18 598 153	25 203 580	3 013 498	85,7 %	20 056 701
Rammetilskudd	59 019 948	58 564 800	73 206 000	455 148	80,6 %	48 555 896
Andre statlige overføringer	21 226 404	18 232 549	26 217 600	2 993 855	81,0 %	18 154 175
Andre overføringer	0	0	0	0		134 147
Skatt på inntekt og formue	97 311 742	94 967 455	126 421 000	2 344 286	77,0 %	115 553 836
Eiendomsskatt	12 180 713	12 196 600	12 196 600	-15 887	99,9 %	9 123 637
Sum driftsinntekter	229 153 802	219 750 555	287 881 478	9 403 248	79,6 %	228 495 626
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	102 241 975	106 527 730	146 803 598	-4 285 755	69,6 %	99 654 211
Sosiale utgifter	32 074 530	34 750 364	47 856 758	-2 675 834	67,0 %	32 020 336
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	21 526 499	23 147 535	31 291 818	-1 621 036	68,8 %	22 324 203
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	12 975 946	13 307 661	17 159 881	-331 715	75,6 %	15 390 163
Overføringer	31 160 479	24 222 980	32 260 640	6 937 499	96,6 %	29 052 007
Fordelte utgifter	-45 581	34 762	46 350	-80 343	-98,3 %	-170 402
Sum driftsutgifter	199 933 849	201 991 034	275 419 045	-2 057 185	72,6 %	198 270 518
Brutto driftsresultat	29 219 954	17 759 521	12 462 433	11 460 433		30 225 108
Finansinntekter						
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	204 561	451 725	602 300	-247 164	34,0 %	21 446
Mottatte avdrag på utlån	16 199	30 000	40 000	-13 801	40,5 %	5 000
Sum eksterne finansinntekter	220 760	481 725	642 300	-260 965	34,4 %	26 446
Finansutgifter						
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 240 525	4 233 280	6 660 000	-992 755	48,7 %	6 686 479
Avdragsutgifter	5 550 959	4 585 240	7 480 000	965 719	74,2 %	5 414 089
Utlån	42 489	30 000	40 000	12 489	106,2 %	61 850
Sum eksterne finansutgifter	8 833 974	8 848 520	14 180 000	-14 546	62,3 %	12 162 419
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 613 213	-8 366 795	-13 537 700	-246 418	0	-12 135 973
Netto driftsresultat	20 606 741	9 392 726	-1 075 267	11 214 015	0	18 089 135
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	0		8 968 599
Bruk av disposisjonsfond	2 562 504	2 562 500	3 416 667	4		0
Bruk av bundne fond	678 352	546 450	2 658 600	131 902		421 948
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0		0
Sum bruk av avsetninger	3 240 856	3 108 950	6 075 267	131 906	0	9 390 546
Overført til investeringsregnskapet	131 070	0	0	131 070		0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	750 000	5 000 000	-750 000		8 968 599
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	0		0
Avsetninger til bundne fond	45 943	0	0	45 943		0
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0		0

Sum avsetninger	177 013	750 000	5 000 000	-572 987	0	8 968 599
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	23 670 584	11 751 676	0	11 918 908	0	18 511 083

Utviklinga i Lønsutgifter så langt i år

	Regnskap	Budsjett	Avvik i kr.	Avvik i %
Januar	16 184 831	16 596 526	-411 695	-2,48 %
Februar	14 726 245	16 343 118	-1 616 873	-9,89 %
Mars	15 021 155	16 213 201	-1 192 046	-7,35 %
April	15 414 186	16 679 859	-1 265 673	-7,59 %
Mai	14 907 561	16 515 960	-1 608 399	-9,74 %
Juni	2 679 114	1 900 506	778 608	40,97 %
Juli	15 735 300	17 306 419	-1 571 119	-9,08 %
August	16 317 799	17 053 010	-735 211	-4,31 %
September	15 979 339	16 756 427	-777 088	-4,64 %
Sum	126 965 530	135 365 026	-8 399 496	-6,21 %

Løn og sosiale utgifter inklusiv refusjon sjukepengar ligg til saman 8,4 mill kroner lågare enn periodisert budsjett etter 9 månader. Dette skyldast mindre vikarbruk, lågare pensjonskostnader og lågare arbeidsgivaravgift enn budsjettet. Lønsoppgjøret var budsjettet frå 1. mai, medan det endelig oppgjøret gjeldt frå 1. august. Det gjer at etterbetalinga på løn blei noko lågare enn budsjettet. Refusjon sjukepengar er 2 mill kroner høgare enn budsjettet. Mindreforbruket i august og september er lågare enn dei andre månadene, dette skyldast større vikarbruk i sommar enn elles i året. Når det gjeld pensjonskostnaden får ein ikkje fullstendig oversyn før NRSP beregninga på pensjonsforsikring kjem i slutten av året.

Brutto budsjettet for 2010 for dei 3 sektorane er på 280,2 mill. kroner. Det er ein auke frå rekneskap 2009 på nesten 5 mill. kroner, eller 1,8 %. Nettobudsjettet for sektorane er på 205,8 mill. kroner. Det er ei auke frå rekneskap 2009 på 13,1 mill. kroner, eller 6,4 %.

Budsjettkontroll pr. september	Regnskap	Per.b(end)	Buds(end)	Avvik(per.)	Regnskap
Samandrage	2010	2010	2010	0	2009
Sentraladministrasjon og kyrkja	23 758 253	24 460 174	32 629 299	-701 921	23 449 462
Undervisning og kultur	50 631 054	54 668 169	75 819 389	-4 037 115	51 150 488
Helse & Sosial	65 861 192	70 717 891	95 985 012	-4 856 699	70 104 417
Skatter og rammetilskot	-172 561 241	-170 012 780	-216 035 500	-2 548 461	-175 343 340
Finansiering	8 640 158	8 414 870	11 601 800	225 288	12 127 891
T O T A L T	-23 670 584	-11 751 676	0	-11 918 908	-18 511 082

1. Sentraladministrasjonen og Kyrkja

	Regnskap 2010	Per.b(end) 2010	Buds(end) 2010	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 2009
Politiske styringsorgan	1 330 758	1 165 211	1 592 766	165 548	84	1 255 911
Revisjon	232 975	196 875	262 500	36 100	89	455 251
Rådmannskontor	3 914 410	4 435 903	5 893 542	-521 493	66	3 791 077
Økonomikontor	2 727 377	2 256 515	3 107 187	470 862	88	2 102 724
Prosjekt eigedomsskatt (ikkje i bruk)	0	0	0	0	0	140 158
Offentlig servicekontor	3 987 489	3 043 850	1 822 182	943 639	219	5 289 015
Kommunehuset	731 819	463 582	646 510	268 236	113	686 122
Nordstrandbygget	-242 636	-231 750	-309 000	-10 886	79	-248 360
Ymse tenester	8 645 010	10 698 938	16 372 212	-2 053 928	53	7 656 014
Kyrkja	2 431 051	2 431 050	3 241 400	1	75	2 321 550
Sum sentraladministrasjon og kyrkja	23 758 253	24 460 174	32 629 299	-701 921		23 449 462

2. Undervisning og kultur

	Regnskap 2010	Per.b(end) 2010	Buds(end) 2010	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 2009
Sum sentraladministrasjon og kyrkja	23 758 253	24 460 174	32 629 299	-701 921		23 449 462
Skulekontor	819 603	1 115 885	1 433 963	-296 282	57	1 339 733
Skulepsykologisk kontor	1 025 534	1 253 714	1 697 058	-228 179	60	1 033 004
Selbjørn skule	8 136 291	8 225 327	11 259 637	-89 036	72	7 831 138
Møksterskule	1 029 142	1 046 151	1 428 759	-17 009	72	967 975
Trolandshamar skule	4 639 262	4 578 566	6 261 728	60 696	74	4 161 372
Storebø skule	10 500 759	10 056 320	13 777 156	444 439	76	9 492 039
Austevoll ungdomsskule	12 668 950	12 861 661	17 620 119	-192 711	72	12 970 779
Vinnes skule	2 662	-5 566	-7 421	8 228	-36	1 581 308
Kolbeinsvik skule	3 308 837	3 376 470	4 622 531	-67 633	72	3 148 881
Grunnskulen felleskostnader	3 669 739	5 680 980	7 681 109	-2 011 241	48	3 567 779
Vaksenopplæring	50 496	838 164	1 156 470	-787 667	4	850 440
Småtun barnehage	278 744	252 503	1 015 498	26 240	27	355 169
Barnehage Fellesutgifter	0	-7 500	-10 000	7 500	0	10 152
Private barnehager	1 901 634	2 659 976	4 139 100	-758 343	46	970 864
Spesialpedagogiske tiltak	-214 939	121 955	188 929	-336 894	-114	32 555
Kulturskule	912 374	853 003	1 183 854	59 371	77	943 887
Kulturkontor	1 235 220	1 046 933	1 397 681	188 287	88	1 239 950
Bibliotek	666 746	713 627	973 218	-46 881	69	653 463
Sum undervisning og kultur	50 631 054	54 668 169	75 819 389	-4 037 115		51 150 488

3. Helse og Sosial

	Regnskap 2010	Per.b(end) 2010	Buds(end) 2010	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 2009
Helse og sosialadministrasjon	1 071 597	1 099 636	1 504 200	-28 039	71	1 008 622
Helseavdelinga	4 545 657	4 421 664	6 029 699	123 993	75	4 488 766
Legetenesta	4 927 303	5 566 625	7 365 343	-639 322	67	5 413 666
Sosialkontortjenester	3 405 217	3 306 391	4 496 660	98 826	76	3 378 631
Edruskapsvern	0	7 500	10 000	-7 500	0	-200
Barnevern	3 014 954	2 482 623	3 371 793	532 331	89	2 251 569
Heimetenester, område nord	7 342 441	8 142 860	11 159 989	-800 419	66	6 996 935
Heimetenester, område sør	6 307 575	7 093 041	9 720 284	-785 466	65	6 474 039
Nattevakt i heimesjukepleien	1 150 219	1 382 315	1 897 733	-232 096	61	1 551 227
Eidsbøen bufellesskap	6 827 651	7 223 863	9 919 716	-396 212	69	7 502 869
Prosjekt "lindrande behandling"	142 677	88 600	125 208	54 077	114	226 140
Selbjørn pleie og omsorgssenter	4 223 052	5 624 627	7 680 623	-1 401 575	55	5 416 032
Omsorgsrom selbjørn	4 684 346	4 876 244	6 703 502	-191 898	70	6 399 998
Storebø pleie og omsorgssenter	16 651 598	17 457 777	23 991 762	-806 179	69	17 015 713
Kjøp av sjukeheimsplassar	0	0	0	0	0	16 000
Austevoll arbeidssamvirke A/S	1 566 905	1 944 125	2 008 500	-377 220	78	1 964 410
Sum Helse & Sosial	65 861 192	70 717 891	95 985 012	-4 856 699		70 104 417

4. Skatter og rammetilskot

	Regnskap 2010	Per.b(end) 2010	Buds(end) 2010	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 2009
Skatter og rammetilskot	-172 561 241	-170 012 780	-216 035 500	-2 548 461	80	-175 343 340

5. Finansiering

	Regnskap 2010	Per.b(end) 2010	Buds(end) 2010	Avvik(per.)	%- 0 forbruk	Regnskap 2009
Finansiering	8 640 158	8 414 870	11 601 800	225 288	74	12 127 891

Vurdering:

Rekneskapet er 11,9 mill kroner betre enn budsjett i perioden. Dette er ei auke i mindreforbruk på 1,2 mill frå august. Mindreforbruket er størst på lønskostnadene som er 8,4 mill betre enn budsjett, dette skyldast til dels seint lønsoppgjer, lågare sjukefråvær og mindre bruk av vikarar. Det har og vore utstrakt bruk av ukvalifiserte vikarar, grunna at det har vore vanskelig å få tak i fagpersonale, spesielt innan helsesektoren. Refusjon sjukepengar er pr. september 2 mill betre enn budsjett, dette skyldast for lågt avsette refusjonar på sjukepengar i budsjettet for 2010 og gjer at mindreforbruket på lønskostnadene aukar ytterligare. Ferievikarane er no avlønna, og bruken av ferievikarar hadde ikkje så stor effekt på rekneskapet som venta. Det manglar ein del kostnader for 3. kvartal som det kjem kvartalsvise faktura på og som ikkje er motteke pr. september. Det er ikkje motteke faktura på leige kopimaskiner for heile året, dette er leverandøren blitt gjort oppmerksom på. Det verkar som det er god budsjett disiplin blant den enkelte leiar, dei tek ansvar og på den måten ser det ut for at budsjettet skal halde. Skatteinngangen resten av året kan bli spanande, pr. september ligg vi 4,55 % lågare enn budsjett, dette kan slå negativt ut på tala utan at me kan påverka utviklinga. Førebels er inntektsutjamninga også lågare enn budsjett, slik at netto har vi skatteinntekter som er 2,3 mill betre enn budsjett. Inntektsutjamninga kan vi heller ikkje påverke, da størrelsen på denne heng saman med skatteinntektene elles i landet.



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 18.november 2010

Sakshandsamar: Nygard, Kari

Kopi til:

Sak: 30/10

30/10 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret: <ul style="list-style-type: none">• Skatteoppkrevjar sin årsrapport 2009
2	Austevoll kommune	Nytt økonomi- og finansreglement
3	Austevoll kommune	Notat med kortversjon av kommentarar til budsjett 2011.
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Utskrifter frå møteprotokollen til kommunestyret 28.09.10
- Økonomi- og finansreglement for Austevoll kommune
- Notat med kortversjon av kommentarar til budsjett 2011



Austevoll kommune



Hordaland fylkeskommune
Kontrollutvalssekretariatet
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
10/507-10/14020/SHO	FE-212		12.10.2010

Melding om vedtak

Skatteoppkrevjaren sin årsrapport 2009 og kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Austevoll

Austevoll kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte den 28. september 2010, sak 128/10. Austevoll kommunestyre gjorde følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre tek skatteoppkrevjaren sin årsrapport 2009 og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Austevoll til etterretning.

Dette til underretning.

Med helsing

Helge Andre Njåstad
Ordfører

ØKONOMI- OG FINANSREGLEMENT FOR AUSTEVOLL KOMMUNE

Vedteke av Austevoll kommunestyre den 24. juni 2004, sak 073/04.
Endra av Austevoll kommunestyre den 8. november 2005, sak 108/05.
Endra av Austevoll kommunestyre den 29. august 2006, sak 078/06.
Endra av Austevoll kommunestyre den 4. mars 2008, sak 031/08.
Endra av Austevoll kommunestyre den 29. juni 2010, Sak 096/10
Endra av Austevoll formannskap den 16. september 2010, Sak 110/10

§ 1 Budsjettering og rekneskapsføring

1. Lovgrunnlaget.

Økonomireglementet utfyller kommunelova sine økonomiføresegner med tilhøyrande forskrift. Følgjande paragrafer i lov av 25.09.1992 om kommunar og fylkeskommunar omhandlar føresegner om økonomiforvaltning i kommunane:

- § 44 Økonomiplan
- § 45 Årsbudsjett
- § 46 Årsbudsjettet sitt innhald
- § 47 Årsbudsjettet si bindande verknad
- § 48 Årsrekneskap og årsmelding
- § 49 Rapportering frå kommunar og fylkeskommunar
- § 50 Låneopptak
- § 51 Garantiar og pantsetjing for andre sine økonomiske plikter
- § 52 Finansforvaltning

Kommunal- og regionaldepartementet har fastsett følgjande forskrifter:

Forskrift om årsbudsjett

Forskrift om årsrekneskap og årsmelding

Forskrift om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar

Forskrift om garantiar

Forskrift om finansforvaltning

2. Økonomiplan.

Jfr. kommunelova § 44.

Rådmannen sender i juni måned ut budsjetttrundskriv om utarbeiding av økonomiplan for dei komande 4 åra.

I tidsrommet juni til september skal økonomiplanen førehavast i etatane.

Innan utgongen av oktober måned legg rådmannen fram framlegg til økonomiplan for komande 4-års periode i balanse. Samstundes vert framlegget sendt hovudutvala og andre aktuelle organ til uttale. Formannskapet gjev innstilling til kommunestyret innan utgongen av november måned.

Innan utgongen av desember måned kvart år vedtek kommunestyret økonomiplan. Den vedtekte økonomiplanen si ramme er retningsgjevande for utarbeiding av årsbudsjett. Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen.

Økonomiplanen vert lagt fram og vedteken på hovudkapitelnivå.

3. Årsbudsjett.

Jfr. kommunelova §§ 45, 46 og 47 og forskrift om årsbudsjett.

Rådmannen sender i juni måned ut budsjetterundskriv om utarbeiding av årsbudsjett for det komande år.

I tidsrommet juni til september skal årsbudsjettet førehavast i etatane.

Innan utgongen av oktober måned legg rådmannen fram framlegg til årsbudsjett i balanse.

Samstundes vert framlegget sendt hovudutvala og andre aktuelle organ til uttale. Framlegget til årsbudsjett skal omfatte oversyn over løyvingar til dei ymse tenestområda.

Formannskapet gjev innstilling til kommunestyret innan utgongen av november måned.

Innan utgongen av desember måned kvart år vedtek kommunestyret årsbudsjettet. Årsbudsjettet er ein bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret og er overordna aktivitetsvedtak. Årsbudsjettet utgjer første år av økonomiplanen.

Rådmannen disposisjonsfullmakt over kommunestyret sine løyvingar i samsvar med hovudregelen i § 9 i forskrift om årsbudsjett.

4. Offentleggjering.

Framlegg til økonomiplan og årsbudsjett er offentleg tilgjengeleg frå det tidspunkt rådmannen legg det fram.

5. Budsjettoppfølging.

Jfr. kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett.

Kvar måned legg rådmannen fram for ordførar rapport om utviklinga i kommunen sine inntekter og utgifter og framdrift i investeringane. Rapporten vert deretter lagt fram for formannskapet i første møte. Viser budsjettoppfølginga at det kan oppstå nemnande avvik i forhold til vedteke budsjett, skal rådmannen gjera greie for kva endringar/tiltak som er sett i verk.

Etter 1. halvår legg rådmannen fram rapport for kommunestyret. I rapportane skal og utviklinga i kommunen sine inntekter og utgifter og framdrifta i investeringane framgå. Prognose over utgifter og inntekter for resten av året skal leggjast fram samstundes.

6. Tilvising.

Eit kvart krav på kommunen som skal dekkjast over kommunen sitt budsjett, skal tilvisast.

Tilvisingsmynde ligg til rådmannen og kan vidaredelegerast. Ordførar har tilvisingsmynde når rådmannen er ugild.

Til vanleg skal tilvisingsmynde delegerast vidare, slik at det maksimalt er ein person med tilvisingsmynde for kvar verksemd (verksemdsleiar) i tillegg til etatsleiar. Økonomikontoret og revisjonen skal til ei kvar tid haldast skriftleg underretta om kven som har tilvisingsmynde.

Tilvisingsmynde og budsjettansvar følgjer same stilling.

Den som tilviser plikter å sjå etter at vedlegg tilfredsstillar krava til dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med rekneskapslova § 2-1, at summen som vert tilvist er rett i forhold til kravet, at summen er tilvist på rett konto (kostnadsstad, art), samt at det er budsjettmessig dekning for utbetalinga.

Den som har tilvisingsmynde, kan ikkje tilvise utbetalingar der vedkomande er ugild etter forvaltningslova. I slike tilfelle skal utbetalingsoppmodinga sendast over til overordna for eventuell tilvising.

Før eit vedlegg vert tilvist, skal det om mogeleg vera attestert av ein person som har kjennskap til dei underliggjande forholda, i regelen den som har føreteke innkjøpet/tinginga.

Den som attesterer eit krav, skal sjå etter at rutiner for innkjøp og tinging er følgde, at dei føreskrevne vedlegg er til stades, og at levering/arbeid er utført, i samsvar med

rekninga/fakturaen sitt pålydande. Vidare skal den som attesterer kontrollere einingsprisar, timelister og at utrekningar er rette i samsvar med tilbod, avtale eller liknande, at belastning er ført på rett konto, samt at det finst løyving til føremålet. Stadfesting på at levering er utført kan til vanleg byggja på påteikning av ein annan person på pakksetel eller liknande, men den som attesterer har eit sjølvstendig ansvar for ved tilfeldige stikkprøvekontroll å kontrollere at levering har funne stad slik som påført.

Tilvisande mynde har og ansvar for at utbetalinga er koda med rett momskode.

7. Rekneskapsføring.

Jfr. kommunelova § 48 og forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Årsrekneskap skal førast i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, både når det gjeld sjølve rekneskapsføringa og når det gjeld den økonomiske informasjonen årsrekneskapen skal gje.

Rekneskapen skal førast etter anordningsprinsippet, som vil seia at alle kjende utgifter og inntekter skal bokførast på rett år.

All tilgang og bruk av midlar skal visast i drifts- og investeringsbudsjettet/rekneskapet.

Økonomisjefen utarbeider dei rutinebeskrivingar og interne kontrollordningar som er turvande for å sikra og dokumentera dette.

8. Rekneskapsavslutninga.

Jfr. kommunelova § 48 og forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Økonomisjefen sender i byrjinga av november ut arbeidsplan til einingane med fristar i samband med rekneskapsavslutninga.

Strykingar ved rekneskapsunderskot skal følgje til ei kvar tid gjeldande regelverk, både når det gjeld driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen.

Økonomisjefen leverer ferdig avlagt årsrekneskap til revisjonen innan 15. februar i året etter rekneskapsåret. Frå same tidspunkt er rekneskapen offentleg.

Rekneskapen vert underskreven av rådmann og økonomisjef.

Kontrollutvalet skal handsama rekneskapen og utarbeida desisjonsforslag til kommunestyret.

Desisjonsforslaget skal følgja saka til formannskapet og kommunestyret.

Formannskapet skal tilrå til kommunestyret i rekneskapsaka.

Kommunestyret skal handsama rekneskapen innan utgongen av juni månad.

9. Årsmelding.

Rådmannen har ansvar for å utarbeida årsmelding i samsvar med § 48 i kommunelova.

Årsmeldinga skal sendast kontrollutvalet.

Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret saman med rekneskapen.

Einingane utarbeider egne årsmeldinga som og vert lagde fram for kommunestyret etter kvart som dei vert ferdige.

10. Budsjettendringar.

Rådmannen har fullmakt til å gjera budsjettendringar, og innanfor driftsbudsjettet si netto totalramme.

Det ligg til kommunestyret å vedta budsjettendringar i investeringsbudsjettet. Formannskapet får fullmakt til å vedta endringar i investeringsbudsjettet, dersom desse må sjåast på som kurante, og ikkje fører til endra finansiering eller vesentlege omprioriteringar.

11. Ansvar.

Rådmannen har ovanfor kommunestyret og formannskapet ansvar for at økonomi- og finansreglementet vert følgd. Dei daglege leiarane har tilsvarende ansvar ovanfor rådmannen for at reglementet vert følgd i eiga eining.

§ 2 Finansreglement

Jfr. kommunelova §§ 50, 51 og 52 om finansforvaltning og i h. t. ny finansforskrift frå KRD 2009-06-09-635 gjeldende frå 1.7.2010.

1. Finansreglementets virkeområde

1.1 Hensikta med reglementet

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for kommunen sin finansforvaltning. Reglementet gir ei samla oversikt over dei rammene og avgrensingar som gjeld, og tilhøyrande fullmaktar/instruksar/rutinar skal verta heimla i reglementet. Reglementet definerer de avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar rekna til driftsformål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Austevoll kommune. Reglementet gjeld også for verksemd i kommunale føretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27.

I den grad disse verksemdene har en eigen finansforvaltning skal denne utøves i samsvar med dette reglementet, eller i tilfellet med interkommunalt samarbeid, etter eit avtalt finansreglement som er godkjent av kommunestyret.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidet på bakgrunn av:

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52

Ny forskrift om kommunar og fylkeskommunar sitt finansforvaltning fastsett av KRD 9. juni 2009(FOR 2009-06-09 nr 635).

2.2 Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå og med 2010. Finansreglementet skal vedtas minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. Dette reglementet erstattar alle tidligare regler og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedtatt for Austevoll kommune sin finansforvaltning.

3. Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med instruksen i forskrifta om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld).

Gjennom dette finansreglementet er det vedtatt målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål.
- Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler.
- Plassering og forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva.

4. Formålet med kommunen sin finansforvaltning

Finansforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimelig avkastning samt stabile og lave netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innaføre definerte risikorammer.

Dette ynskjer ein oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekk moglegheit) til å dekke laupande forpliktingar.
- Plassert overskottslikviditet skal over tid gi en god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, kor ein har teke omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gi lågast mogleg totalkostnad innanføre definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, kor ein har tatt omsyn til behov for forutsigbarhet i lånekostnader.

5. Generelle rammer og avgrensingar

Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetjing av dette finansreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillende avkastning og vesentlig finansielle risiko, jfr. kommunelovens §52.

Reglementet skal byggje på kommunens egen kunnskap om finansielle marknader og instrumenter.

Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, under her kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva.

Rådmannen har ei sjølvstendig plikt til å utrede og legge frem saker for kommunestyret som er av prinsipielle art.

Rådmannen skal fortlaupande vurdere om dei forskjellige rammene og avgrensingane i reglementet er egna, og om disse på en klar og tydelig måte sikrar at kapitalforvaltninga vert utøvd forsvarleg i forhold til dei risikoar kommunen er eksponert for.

Det vert tillagt rådmannen å inngå avtaler i trå med dette reglementet.

Det vert tillagt rådmannen med heimel i dette finansreglement, å utarbeide nødvendige fullmaktar/instruksar/rutinar for de enkelte forvaltningsformer som er i trå med kommunens overordna økonomibestemmingar.

Finansielle instrumenter og/eller produkt som ikkje er eksplisitt nemnt lov å brukt gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning. Kommunen kan i sin finansforvaltning nytte seg av andre finansielle instrumenter, som avleda instrument/derivat. Slike instrumenter skal vare konkret angitt under dei einskilde forvaltningsformer og må nyttas innanføre risikorammene for underliggjande aktiva eller gjeld og skal inngå ved berekning av finansiell risiko.

Konkrete rammer for forvaltning av kommunens midlar til driftsformål (inkl, ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva omtales i fortsettinga kvar for seg.

Etterleving av finansreglementet skal syta for at forvaltninga av aktiva og passiva skjer ut i frå fastlagte rammer, herunder ei forvaltning i tråd med fastlagt risikoeksponering. Reglementet legg opp til at rådmannen halvårleg rapporterar til kommunestyret. I rapporteringa ligg stadfesting av at plasseringane er gjort i tråd med reglementet. I rapporten som skal bli lagt fram ved årets

utgang, legg reglementet vidare opp til at rådmannen si utgreiing og vurdering av eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet skal inngå.

I forkant av halvårsrapporteringa skal rådmannen syta for ei vurdering av forvaltninga av aktiva og passiva. I vurderinga inngår at forvaltninga er i tråd med reglementet. Der rådmannen finn eventuelle avvik, skal avvika greiast ut og forslag til lukking av avvika skal inngå i rapporteringa til kommunestyret.

6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål

Kommunens midlar til driftsformål (under her også ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskott, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det laupande behov for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse stilles det krav om minimum internasjonal kredittrating A- eller tilsvarande kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheit.

Kommunens driftslikviditet skal plasserast i kommunens hovudbank, eventuelt supplert med innskott i andre større spare- eller forretningsbankar.

Ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål, utover kva som trengs til dekning av kommunen sin laupande forpliktingar, trekt frå estimerte innbetalingar, de nærmaste 3 månadene, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

6.1. Innskott i bank

For bankinnskott gjelder følgjande avgrensingar:

- Tidsbinding kan ikkje avtalast for en periode på meir enn 6 månader
- Et enkelt innskott med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn 10 NOK mill.

6.2. Del i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjelder følgjande:

- a) Midlar kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning.
- b) Det skal berre plasserast i fond med rentefølsomhet kortare enn 12 månader.
- c) Ingen av fondets enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- ("investment grade"), eller de skal vera vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.

6.3. Direkte eige av verdipapir

For direkte plassering i renteberande papir gjelder følgjande:

- a) Det skal berre plasserast i renteberande papir med kortare laupetid enn 12 månader til endelig forfall.
 - b) Ingen enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- ("investment grade") på investeringstidspunktet, eller vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
 - c) Papira kan ha inntil 20 % BIS-vekt, og kan besta av:
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak.
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Renteberande papir, i form av "senior" sertifikat — og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske banker eller kredittinstitusjonar
 - d) Det kan ikkje plasserast midlar direkte i industriobligasjonar, ansvarlige lånekapital, fondsobligasjonar, grunnfondsbevis/eigenkapitalbevis eller aksjar.
 - e) Ingen enkeltplassering i renteberande papir kan utgjere meir enn kr 10 mill.
- Unntatt frå denne avgrensinga er plasseringar i statspapir.

6.4. Felles plasseringsavgrensingar utanfor hovudbankavtalen

Kommunens samlede innskott i bank/kredittinstitusjon (ink. direkte eige av verdipapir utstedt eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige kr. 10 mill.

Kommunen sin eigardel i et pengemarknadsfond skal ikkje overstige kr. 10 mill.

6.5. Rapportering

Rådmannen skal i forbindelse med halvårsrapportering per 30. juni leggje fram rapporter for kommunestyret som syner status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål.

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram en rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum angi følgjande:

- Fordeling på de ulike plasseringsalternativa/typar aktiva i kroner (marknadsverdi) og i prosent av dei samla midlar til driftsformål.
- Eigne rentebetingelsar samanlikna med marknadsrenta.
- Rådmannens kommentarar knytt til samansetning, rentebetingelser/avkastning, vesentlige marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannens utgreiing og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

	31.12.i fjor		30.06.i år		31.12.i år	
	Tusen.nok	%	Tusen.nok	%	Tusen.nok	%
Innskott hjå Nordea (Hovedbank)						
Innskott hjå Sparebanken Vest (hovedbank)						
Pengemarkedsfond						
Fond 1						
Fond 2						
Innskott i andre bankar						
Direkte eige av verdipapir						
Obligasjonar						
Samla kortsiktig likviditet	0	0 %	0	0 %	0	0 %
Avkastning sidan 31.12 i fjor						
Avkastning benchmark (Nibor 3. mnd)						
Stadfesting på at alle plasseringar er gjort med <20% BIS vekt i direkte eigde papirer						
Stadfesting på at enkelt eksponering i andre bankar er < 10 mill	Ja		Ja		Ja	
Stadfesting på at eigarandel i pengemarkedsfond er < 10 mill	Ja		Ja		Ja	
Stadfesting på at dei einskilde papir <=12 måneders løpetid						
Største tidsinnskott	Tusen nok		Tusen nok		Tusen nok	
Største enkeltplassering	Tusen nok		Tusen nok		Tusen nok	

7. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

7.1. Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i eige vedtak om årsbudsjett. Slik vedtak skal som minimum angi:

- Lånebeløp

Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak skal det gjennomføres låneopptak, under her godkjenning av lånevilkår og nedbetalingstid inntil 25 års avdragstid, og for annen forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i trå med bestemmingane i Kommunelovens § 50 omlåneopptak.

Det kan også tas opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

7.2. Val av låneinstrument

Det kan berre tas opp lån i norske kroner.

- Lån kan tas opp som direkte lån i offentlige og private finansinstitusjonar, samt i livselskap.
- Det er også lov til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.
- Lån kan tas opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

7.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

7.4. Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal søkes gjennomført til marknadenes gunstigaste vilkår.

Det skal normalt hentas inn minst 3 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar.

Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å legge ut sertifikat eller obligasjonslån gjennom å gi en tilretteleggjar et eksklusivt mandat.

Prinsippet kan også unnlates å følgje ved låneopptak i statsbank (f.eks startlån i Husbanken).

7.5. Val av rentebindingsperiode - bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere netto rentebelastning, låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor et akseptabelt risikonivå gitt et overordna ønske om eit forventa resultat og stabilitet i lånekostnader.

Forvaltninga skal leggest opp i trå med følgjande;

- a) Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
- b) Minimum 1/3 av netto renteberande gjeld (1) skal ha flytende rente (rentebinding kortare enn eit år), minimum 1/3 skal ha fast rente, mens 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen.
(1) Netto renteberande gjeld er definert som = langsiktig gjeld – lån til VAR området – lån til vidareutlån startlån – lån til vidareutlån andre – lån med rentekompensasjon frå staten
- c) Den delen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør delast på en slik måte at kommunen får lågast mulig refinansieringsrisiko. For å optimalisere lågast mogeleg refinansieringsrisiko skal den delen av låneporteføljen som har fast rente splittast slik at forfallstidspunkta vert spreidd.

For å oppnå ønsket rentebinding, gis det anledning til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast i den hensikt å endre renteeksponeringa for kommunens lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal

være at ein totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på et gitt tidspunkt, seier at slike endringar er ynskjelege.

Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knyttes til underliggende lån eller låneportefølje. Det skal berre nyttast større banker med bred dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved slike kontraktar.

7.6. Spreiing av låneopptak

Forvaltninga vert lagt opp med bakgrunn i følgjande;

- Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg. Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

7.7. Rapportering

Rådmannen skal i forbindelse med finansrapporteringa per 30. juni rapportera på status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang utarbeide ein eigen finansrapport til kommunestyret med omsyn til utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året. For gjeldsforvaltninga skal det rapporterast om følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) så langt i året
- Refinansiering av eldre lån så langt i året
- Samansetning av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittlig rentebinding
- Egne renter mot 3 md. nibor
- Rådmannen sine kommentarar i forhold til endring i risikoeksponering, igjen vèrande rentebinding og rentekrav i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande finansierings/refinansieringsbehov.

Rådmannens skal gi omtale og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet. Rapporteringstabell:

	31.12.i fjor		30.06.i år		31.12.i år	
	Tusen.nok	%	Tusen.nok	%	Tusen.nok	%
Lån med p.t rente						
Lån med NIBOR basert rente						
Lån med fastrente						
Renteavtaler:						
Avtaler med mottekne renter						
Avtaler med avgitte renter						
Finansiell leasing						
Samla langsiktig gjeld	0	0 %	0	0 %	0	0 %
Lån relatert til sjølkost						
Lån relatert til startlån						
Lån med rentekompensasjon						
Lån til andre- vidare utlån	Ja		Ja		Ja	
Netto lånebelastning	Ja		Ja		Ja	
Effektiv rentekostnad hittil i år						
Snittrente hittil i år						
Antall løpande enkeltlån						
Største enkelt lån	Tusen nok		Tusen nok		Tusen nok	

8. Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva

8.1 Forvaltning

Austevoll kommune har ikkje langsiktige finansielle aktiva. Om denne situasjonen skulle endra seg vil finansreglementet verta tatt opp til revidering omgåande.

9. Kommunen si pensjonsforvaltning

9.1 Forvaltning av pensjonsmidlar

Austevoll kommune har ei garantert avkastning på sine pensjonsmidlar gjennom lovbestemmingar. Pensjonsleverandørane forvaltar pensjonsmidlane. Bruken av frie pensjonsfond får direkte verknad på overskottslikviditeten. Rådmannen har med det valt å ta inn val av risikoprofil og styring av frie pensjonsfond i finansreglementet.

9.2 Val av risikoprofil for forvaltning av pensjonsmidlar

I dei tilfella der Austevoll kommune kan velje risikoprofil for forvaltninga av pensjonsmidlane skal følgjande leggjast til grunn;

- a) ein velje den profilen som er utarbeida med tanke på forvaltning av pensjonsmidlar for kommunal sektor .
- b) Austevoll kommune skal vurdere og ta stilling til forvaltningsprofil, sjå kva risikoprofil majoriteten i pensjonsfelleskapet har valt, og kan velje den risikoprofilen som gir middels risikoprofil.

9.3 Styring av frie pensjonsfond

Austevoll kommune skal til ei kvar tid balansera bruken av frie premiefond forvalta av pensjonsleverandørane slik at effekten nettoeffekten av pensjonar på netto driftsresultat vert minst mogleg.

10. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

10.1 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast følgjande separate risikovurderingar:

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng,
 - En "netto" gjeldsbetraktning som viser kommunens renterisiko angitt i NOK ved 1 % endring i 3 md nibor rentekurven.

10.2 Kvalitetssikring

Finansforskrifta krev av kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legger rammer for en finansforvaltning som er i trå med kommunelovens regler og reglene i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen får ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne sted ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtar nytt, endra finansreglement.

